

STAFETTHALDAREN

Stafetthaldaren har ansvar for å ha overblikk og samanheng i oppfølginga av eit barn, ein ungdom, ein gravid eller ein familie, og å sikra at dei som treng oppfølging, veit kven dei skal kontakta.

Stafetthaldaren vert utpeika frå nivå 1 i BTI-modellen, når det vert sett i gang tiltak rundt eit barn/ungdom/gravid. Stafetthaldar held i stafettpinnen til han er motteken og akseptert av ein ny stafetthaldar.

Kva gjer stafetthaldaren?

- Involverer barn/unge og føresette i å planleggja, gjennomføra og evaluera tiltak
- Sikrar at ein vaksen snakkar med barnet/ungdomen mellom møta og fangar opp korleis det går
- Inviterer til samarbeidsmøte og evalueringsmøte på nivå 1, 2 og 3
- Har dagsorden, leier møta og fører referat i stafettloggen
- Følger med på at tidsfristar vert haldne og at tiltak vert evaluerte
- Inviterer inn andre tenester etter behov på nivå 2 og 3 og koordinerer det tværfaglege arbeidet

Kven er stafetthaldar?

- På nivå 1 og 2 er det best at stafetthaldar er nær barnet/ungdomen i kvardagen, til dømes pedagogisk leiar i barnehagen, kontaktlærar på skulen eller helsejukepleiar
- På nivå 3 vert det avgjort i samarbeidsmøte kven som er stafetthaldar
- Dette skal vera med i vurderinga av kven som skal vera stafetthaldar:
 - Kva barnet/ungdomen/familien ønsker
 - Type tiltak og omfang av tiltak
 - Venta koordineringsbehov og kva type stilling deltarane har
- Barn/elevar som har IUP/IOP kan også ha stafettlogg. I nokre tilfelle vil ansvarleg for IUP/IOP også vera stafetthaldar. Dette vert avklart i kvart enkelt tilfelle. Stafettloggen kan vera nytig for å konkretisera måla og tiltak i IUP/IOP i kvardagen.
- Innbyggjarar som har rett på individuell plan (IP), søker om koordinator, som tek over koordineringsansvaret og ein avsluttar stafetthaldar-rolla. Ein avsluttar også stafettloggen. Samhandlinga vidare vert dokumentert som IP i Visma Samspill.
- Barnet eller ungdomen skal ha ein stafetthaldar heilt til me er trygge på at han/ho har det trygt og godt.